



Fylkesmannen i  
Hordaland

# FORVALTINGSPLAN FOR FIRE VÅTMARKSRESERVAT I SVEIO

Sveio kommune, Hordaland

Skiftestad, Færås, Mannavatn og Bjellandsvatnet naturreservat





# FORVALTINGSPLAN FOR VÅTMARKSRESERVAT I SVEIO

Fylkesmannen i Hordaland

2014

Framsida: Dei fire våtmarksområda som er skildra i forvaltingsplanen, frå øvst til høgre; Skiftestad, Færås, Mannavatn og Bjellandsvatnet naturreservat.



<b>Utgitt av:</b> Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 2/2014
<b>Tittel:</b> Forvaltingsplan for fire våtmarksreservat i Sveio	<b>ISBN:</b> 978-82-8060-098-1
<b>Forfattar:</b> Jørgen Aarø og Astrid Bakke Haavik	<b>Dato:</b> 21.07.2014
<b>Samandrag:</b> <p>Denne forvaltingsplanen skal sikre ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvallitetane i verneområda. Det er i tillegg ønskeleg at planen skal vere eit godt hjelpemiddel for grunneigarar og andre interesserte ved at den vil vere rettleiande og utfyllande i høve til dei eksisterande verneforskriftene.</p> <p>Forvaltingsplanen presenterer verneverdiane og mål ved bruk av omgrepa <i>naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingsmål</i>. Dette er ein metode og innfallsvinkel i naturforvaltninga som skal sikre ei meir presis forvaltning av naturvernområde i Noreg. God kunnskapsformidling og informasjonsflyt mellom forvaltninga, brukarar og grunneigarar er eit mål i seg sjølv. Målet med forvaltning av desse områda er å sikre ein heilskapleg forvaltning av våtmarksreservat i Sveio slik at tilhøva for dei ulike gruppene av våtmarksfugl blir optimale.</p> <p>Forvaltingsplanen bør rullerast innan 10 år.</p>	
<b>Referanse:</b> Fylkesmannen i Hordaland 2014. Forvaltingsplan for fire våtmarksreservat i Sveio. – MVA-rapport 2/2014.	
<b>Emneord:</b> Naturreservat, bevaringsmål, våtmark, forvaltingsplan	
<p style="text-align: center;">Fylkesmannen i Hordaland  Miljøvern- og klimaavdelinga</p> <p style="text-align: center;">Postboks 7310  5020 Bergen  Tlf. 55 57 22 00</p> <p style="text-align: center;"><a href="mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no">fmhpostmottak@fylkesmannen.no</a>  <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a>  <a href="http://hordaland.miljostatus.no">http://hordaland.miljostatus.no</a></p>	



## Forord

Verneplanen for våtmark i Hordland var på høyring i 1991, og i 1995 vart 6 våtmarksområde verna i Sveio. Bakgrunnen for dette vernet var å få sikra dei viktigaste levestadene for våtmarksfugl i Hordaland for framtida.

Når vi no lagar forvaltingsplan for fire av desse våtmarksreservata er det eit resultat av eit ønskje om meir målstyrt forvaltning av verneområda. Tidlegare har fokuset vore å verne og sikre verdifulle området, men no er vi inne i ein skjøtsel- og tiltaksfase der hovudfokuset er å sikre naturverdiane i dei eksisterande verneområda.

Brev med melding om oppstart av forvaltingsplanen vart sendt ut til alle grunneigarar, kommunen, aktuelle lag og organisasjonar den 24.4.2013. Her vart det også invitert til informasjonsmøte om våtmarksreservat generelt og behovet for forvaltingsplan. Fleire aktuelle tema vart drøfta, og dei frammøtte vart oppmoda om å kome med innspel og synspunkt til det vidare arbeidet.

Utkast til forvaltingsplanen vart sendt på høyring desember 2013 med frist for å komme med innspel 28.2.2014. Det er eit mål å revidere forvaltingsplanen innan ein tiårsperiode.

Kjell Kvingedal  
fylkesmiljøvernsjef





## Innhald

1	Våtmark.....	9
2	Verdiar.....	10
2.1	Verdiar i våtmark .....	10
3	Sveio.....	10
3.1	Klima .....	10
3.2	Geologi og landskap.....	10
3.3	Hydrologi .....	11
3.4	Flora og fauna .....	12
3.5	Vigdarvassdraget .....	13
4	Verneforskrifter .....	14
5	Mannavatn naturreservat.....	18
5.1	Naturverdiar .....	18
5.2	Brukarinteresser .....	19
5.3	Inngrep.....	19
5.4	Tiltak .....	19
6	Bjellandsvatnet naturreservat .....	21
6.1	Naturverdiar .....	21
6.2	Brukarinteresser .....	22
6.3	Inngrep.....	23
6.4	Tiltak .....	24
7	Færås naturreservat.....	26
7.1	Naturverdiar .....	26
7.2	Inngrep.....	27
7.3	Tiltak .....	28
8	Skiftestad naturreservat .....	30
8.1	Naturverdiar .....	30
8.2	Brukarinteresser .....	30
8.3	Inngrep.....	31
8.4	Tiltak .....	32
9	Forvaltingsmål.....	35
10	Bevaringsmål.....	35
11	Oversikt over tiltak.....	37
12	Kjelder .....	38
13	Vedlegg.....	39
	Vedlegg 1. Liste over registrerte karplantar i Bjellandsvatnet .....	39
	Vedlegg 2. Verneforskrifter .....	43
	Forskrift om fredning av Mannavatn naturreservat.....	43
	Forskrift om fredning av Bjellandsvatnet naturreservat .....	45
	Forskrift om fredning av Færås naturreservat .....	47
	Forskrift om fredning av Skiftestad naturreservat .....	49



## 1 Våtmark

Våtmark omfattar ei rekke naturtypar i grensesona mellom land og vatn, som innsjøar, tjern, sumpområde, myrar og gruntvassområde i sjøen. Våtmarkene er ofte spesielt produktive system med stort mangfald av planter, insekt og fuglar. Historisk sett har alle våre store sivilisasjonar vore bygd opp rundt våtmarksområde (t.d. Mesopotamia og Egypt). Ingen andre naturtypar har vore meir omforma av menneskeleg aktivitet. I Hordaland er store våtmarker som Haukåsmyrane og fleire elvedelta nedbygde og øydelagde av reguleringar. Våtmarkene er særleg nytta til landbruksføremål, eller dei blir drenerte og bygd ut med vegar, bustader eller industriområde. Difor er våtmarkene no blant verdas mest trua økosystem. Våtmarker er ein viktig del av vatnets kretsløp frå det fell som nedbør til det endar opp i havet. Elvar, innsjøar, sumpområde og myrar har stor kapasitet til å halde igjen vatn ved mykje nedbør og bidreg difor til å redusere eller hindre flaum. På same måte er våtmarkene kjelder til vatn i tørre periodar. Noreg har ein stor variasjon i våtmarker. På grunn av topografi er dei fleste våtmarkssystema her små, men desto rikare på variasjon og mangfald.

---

**«Våtmark er eit vidtfavnende omgrep, men kan definerast som alle overfløymde eller vassmetta område, naturlege som kunstige, permanente, midlertidige, stillestående eller rennande, med ferskt, brakt eller salt vatn.»**

*Frå verneplan for våtmark i Hordaland*

---

Nokre stader har innsjøar blitt seinka og våtmarker drenerte for å auke landbruksarealet, i tillegg er mange påverka av eutrofiering. Begge desse inngrepa fører til auka alge- og plantevekst og akselerert attgroing. Norske våtmarker er generelt så næringsfattige at ein svak gjødslingseffekt kan vere positivt, særleg for våtmarksfugl. Grunnen til dette er at det aukar planteproduksjonen og produksjon av virvellause dyr, som er hovudføda til mange våtmarksfuglar. For mykje næringsaltar i våtmarka fører til kraftig plantevekst. Nedbryting av daudt plantemateriale og bløming av algar eller blågrøne bakteriar kan føre til oksygenmangel i vatnet, fiskedød og andre uheldige biverknader. Naturleg næringsrike våtmarker er det ikkje så mykje av hos oss.

---

Eutrofiering (frå gresk næringsrik) er auka planteproduksjon forårsaka av auka tilførsel av næringsaltar, som fosfor og nitrogen. Det er ein utprega og hyppig ureiningsform, forårsaka av blant anna kloakkutslepp og avrenning frå dyrka mark.

Motsetnaden er oligotrof, som er ei nemning for næringsfattige vatn.

---

## 2 Verdier

### 2.1 Verdier i våtmark

Våtmarkene har mange andre viktige funksjonar i naturen. Dei er viktige for vasshushaldet i naturen ved at dei jamnar ut variasjon i nedbør og avrenning. Samtidig har dei stor reinseeffekt på vatn, sidan vatnet får lengre opphaldstid. Då fell partiklar mot botnen og plantene tek opp næringsstoff som kjem med vatnet. Stor produksjon av plantemateriale dannar grunnlag for eit rikt og variert dyre- og fugleliv. På grunn av dette er mange artar av planter og dyr spesialiserte til å leve i særeigne våtmarkssystem. Våtmarkene er viktige landskapselement, både for dyr og menneske. Vi set stor pris på elvar og opne vassflater, og dei er viktige for rekreasjon og som estetiske element.

Hovudføremålet med verneplan for våtmark i Hordaland var å ta vare på dei våtmarkene som hadde særleg verdi for fuglar. Ein såg at våtmarksfugl hadde fått redusert tilgjengelege leveområde på grunn av menneskelege inngrep. Difor vart det naudsynt å verne om dei viktigaste våtmarksområda for fugl. Våtmarker er svært viktige for fleire spesialiserte fuglegrupper. Som oftast er det slik at område som har høg produksjon av planter og virvellause dyr også er rike på fugl. Men nokre fugleartar føretrekk næringsfattige vatn. Fugl kan bruke våtmarksområde til hekking, rasting, fjørfelling og overvintring. Mange fugleartar er avhengige av våtmarker gjennom heile året, men dei kan gjerne flytte på seg og bruke ulike typar våtmark gjennom året. Dei kan til dømes hekke på myrer eller ved skogstjern, raste i frodige sump- og strandområder på trekket og overvintre på eller ved sjøen. Det er som sagt stor rikdom på våtmarker i Hordaland, men dei aller fleste er små. Difor er det ikkje store mengder med fugl i kvart einskilde område. Men til saman utgjer områda stort nok areal til å huse bestandar. Forvaltning av fugl i våtmark krev slik sett ein heilskapstenking som også går utover dei verna områda. Det er eit nasjonalt miljømål at naturlege våtmarker skal takast vare eller bli restaurert innan 2020<sup>1</sup>.

## 3 Sveio

### 3.1 Klima

Sveio ligg lengst ut mot havet og har eit typisk oseanisk klima, der havtemperaturen stabiliserer lufttemperaturen. Dette gir milde vintrar og relativt kjølige somrar. Årsmiddeltemperatur er 7,3 °C, med 1,0 °C som kaldaste middeltemperatur i februar og 14,0 °C i juli og august. Våren kjem tidleg og frosten kjem seint, og det gjer at vekstsesongen blir lang. Det fell rundt 1300 mm regn i året.

### 3.2 Geologi og landskap

Landskapet i Sveio er relativt flatt, men småkupert, og varierer mellom dyrka mark, lynghei, våtmarksområde, skogsområde og forblåste knausar. Berggrunnen består for det meste av

---

<sup>1</sup> Prop. 1 S (2013-2014) frå Miljøverndepartementet for budsjettåret 2014

harde og næringsfattige bergartar, og små område med meir næringsrike bergartar innimellom. Jordsmonnet er sandholdig moldjord og torv. Mannavatn og Bjellandsvatn ligg i eit område med eit tynt morenedekke som jordsmonn, mens rundt Færås er det bart fjell eller tynt lausmassedekke. I Skiftestad naturreservat er det torv og myrdekke. På slutten av siste istid gjekk havet om lag på 50-60 meter høgare i Sveio. Vigdarvatnet og Mannavatn var under havnivå<sup>2</sup>. Difor kan det vere restar av marin leire og skjelsand frå slutten av istida på botn – noko som gir meir næringsrike og kalkrike forhold.

### 3.3 Hydrologi

Forholda i Sveio fremmer danning av myr og våtmark og kommunen huser heile 282 vatn i ein rik mosaikk av våtmarker. Områda rundt vatn og bekkedrag er prega av sumpjord og myr, mykje av det er attgrodde vassflater. Landskapet er prega av mange små vassdrag, omringa av våtmark, kystlynghei, skogområde og dyrka mark. Vatna har generelt god kvalitet og høg pH-verdi. Her er landskapet flatt og dei fleste vatna ligg mellom fem og ti meter over havnivå. Dette, i kombinasjon med påverknad frå landbruksavrenning, gjer at vatna i Sveio er rikare både på næringsinnhald og biologisk mangfald enn det som er vanleg i Hordaland. Dei vatna som ligg nedstrøms for jordbruksdrift er tydeleg meir næringsrike enn vatn omgitt av udyrka område.



Det hekkar rundt 40 par brunnakke i Sveio, om lag halvparten av hekkebestanden Hordaland. Dei aller fleste brunnakkane trekker til Vest-Europa om vinteren og kjem til Sveio i månadsskiftet april-mai. Då samlar dei seg gjerne i små flokkar i vatn der isen har gått, for å feite seg opp før hekkinga. Når hoene ruger, samlast hannane i fjørfellingsflokkar på innsjøar eller i fjordar, og i delar av denne perioden er dei ikkje flygedyktige. Her er ein brunnakke ho til venstre og han til høgre. (foto: A.B.H)

---

<sup>2</sup> NGU: <http://geo.ngu.no/kart/arealisNGU/>

### 3.4 Flora og fauna

Våtmarker generelt er oftast som artsrike oasar med eit mangfald av plante- og dyreartar. Avrenning fører til at desse systema vert gjødsla og meir næringsrike enn dei ville vore frå naturens side. Langs bredda veks det sumpplanter som takrøyr, flaskestorr og elvesnelle, alt etter kor næringsrikt det er.

Det viktigaste kriteriet for vern av våtmarkene i Sveio var det rike fuglelivet. Denne rikdommen av fuglar er eit resultat av høg produksjon av insekt og andre virvellause dyr. Typiske fuglar i våtmarkene i Sveio er brunnakke, krikkand og stokkand, som har spreidde bestandar i heile kommunen. Desse endene er såkalla grasender. Dei finn helst maten på grunt vatn der dei står med hovudet under vatn og et plantedelar, insekt, makk og sniglar frå innsjøbotnen. Difor er dei avhengig av grunt vatn med relativt høgt næringsinnhald. Grasendene hekker gjerne i nær tilknytning til vatnet.

Krikkand er vår minste andeart og lever ved våtmarksområde frå låglandet til høg fjell, mens stokkand er vår vanlegaste and. Brunnakken er ein art som trivst godt i Sveio (sjå bilete på førre side). På djupare vatn er det dukkendene som ferdast. Der dukkar dei etter sniglar, skjel og vasslevande insekt. I Sveio er dukkendene toppand og kvinand vanlege å sjå, både i hekketida og resten av året.



Sothøne er ein art som opptre frå tid til anna i Bjellandsvatnet. (foto: A.B.H.)


Mange sporvefuglar nyter godt av det store mangfaldet av insekt og andre virvellause dyr som finst i våtmarkene. Det er gode hekkebestandar av sivsporv og sivsongar i kjerr og takrøyr rundt våtmarkene i Sveio. Mange fuglar nyttar det rike insektlivet i våtmarkene. Svalar, stær, linerle og andre sporvefuglar beiter mykje på insekt og andre virvellause dyr i tilknytning til vatna. Dvergdukkar er vanleg å sjå i Bjellandsvatn og horndukkar vart påvist hekkande i 1983. Dukkarane har svømmelappar på tærne i staden for svømmeføter og dei lever i hekketida i vatn med tett sivvegetasjon.

### 3.5 Vigdarvassdraget

Vigdarvassdraget er det største vassdraget i låglandet på Vestlandet, med eit samla nedbørsfelt på 57 km<sup>2</sup>. 12-15 delvassdrag og over 30 innsjøar og tjern munnar ut i Vigdarvatnet. Innsjøen er 7,13 kvadratkilometer stor og ein av dei største i Hordaland. I vassdraget finn vi alle naturleg innvandra fiskeartar på Vestlandet, nemleg laks, aure, røye og trepigga stingsild. I 2008 gjorde universitetet i Bergen eit funn av ein svært sjeldan type av stingsild utan piggar i Vigdarvassdraget. Variasjonen mellom stingsildbestandane i dei ulike vatna i vassdraget er stor og, i likhet med dei sjeldne stingsilda utan piggar, interessante i forskingsaugemed.

#### 3.5.1 Vasspest

I august 2011 vart den framande arten vasspest (*Elodea canadensis*) funne i Vigdarvatnet og Åsevatnet som ligg oppstrøms for Vigdarvatnet. Vasspest er ein undervassplante som opphavleg veks i Nord-Amerika, men som i løpet av dei siste hundre åra har blitt spreidd til resten av verda ved menneskeleg aktivitet. Der arten kjem inn veks han raskt opp til store bestandar som kan verte plagsame og skape problem for stadeigne vassplanter, dyr, båttrafikk og drikkevasskjelder. Vasspest er lista med Svært høg risiko for økologisk skade (SE) i Artsdatabanken sin svarteliste frå 2012 og har eigen nasjonal handlingsplan. Sveio kommune starta eit prosjekt i 2013 med mål om å hindre negative effektar av vasspest i Vigdarvassdraget. Det er vanskeleg å fjerne vasspest der han først er etablert, men små førekomster kan fjernast om ein er raskt ute. Difor er det desto viktigare å hindre at han vert spreidd vidare i vassdraget og til verneområda. Det er sett opp informasjonsplakatar på stragetiske plassar rundt Vigdarvatnet og i Sveio om risikoen for å spreie vasspest og tiltak for å hindre dette. Det kan verte aktuelt å setje desse opp fleire plassar, til dømes ved informasjonsplakatane for verneområda.



Oversiktskart over verneområda som er omhandla i denne forvaltingsplanen (henta frå: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)).

## 4 Verneforskrifter

Dei fire våtmarksreservata i denne planen har stort sett like verneforskrifter og det er difor tenleg med ein felles omtale av reglane i reservata. Der det er variasjonar eller reglar som gjeld spesifikt for det enkelte verneområde vil dette bli omtala i kvart enkelt verneområdekapittel. Dette gjeld mellom anna vedlikehald av vegar, kraftliner og liknande. Forvaltingsplanen skal fungere presiserande og utdjupande i høve til verneforskrifta.

Verneforskriftene inneheld ti kapittel nummerert med I-X. Under følgjer ein omtale av kva dei ulike kapitla i forskriftene handlar om slik at det skal vere enklare å forstå verneforskrifta. Reglane gjeld i alle fire reservata, men merk at denne lista ikkje er fullstendig. Det kan vere fleire reglar enn dette i det einskilde reservat og det er verneforskrifta for det enkelte reservat som gjeld.

### I. Fredingsvedtak

Fredingsvedtak med namn, lokalisering og vernedato for kvart naturreservat.

### II. Areal, eigedomsinformasjon, omtale av vernekart og vernegrenser

### III. Verneføremål

Dei fire verneføremåla fortel kva naturverdiar verneområdet er oppretta for å ta vare på. Dette varierer i alle dei fire reservata og er nemnt i kvart verneområdekapittel.



#### **IV. Vernereglar**

- I alle fire reservata er det plante- og dyrelivsfreding. All vegetasjon er freda mot skade og øydelegging, og det er forbode å innføre nye planteartar. Dyr- og fuglelivet er òg freda mot skade og øydelegging, inkludert reirplassar og hiområde. Det er forbode med jakt, fangst og bruk av skytevåpen. I tillegg er det bandtvang for hundar i alle fire reservata.
- Det er forbode å setje i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva i reservatet. Det er lista opp ein del aktivitetar som er ulovlege, men oppstillinga er ikkje uttømmmande. Eksemplar på slike aktivitetar er oppføring av bygningar, framføring av vegar, lagring av masse eller tilførsle av konsentrert ureining og gjødsel. Det er forbode å gjere noko som kan redusere eller øydelegge verneverdiane som er nemnt i verneføremålet.
- Camping, telting og oppsetting av kamuflasjeinnretningar er forbode.
- Motorisert ferdsle på land og vatn og lågtflyging under 300 meter er forbode. Dette gjeld òg modellbåtar og modellfly.
- Brettsegling er forbode.

#### **V. Generelle unntak frå vernereglane**

Dei generelle unntaka er lista opp i kapittel V i verneforskriftene. Dette er unntak frå vernereglane som ikkje krev løyve frå Fylkesmannen. Likevel kan det vere nokre høve der det er naudsynt med ei presisering av det som står, eller at Fylkesmannen har behov for å vite kva for aktivitet som går føre seg i reservatet. Følgjande generelle unntak gjeld for alle fire naturreservata:

- Gjennomføring av militær, operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel og forvaltingsverksemd.
- Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal, etter at forvaltingsstyresmakta er varsla. Her seier forskriftene faktisk at Fylkesmannen skal varslast før eit slikt tiltak skjer. Dette er fordi det skal vere mogleg for oss å gje innspel til tiltaket dersom spesielle omsyn til naturverdiane tilseier det.
- Det er lovleg å sanke bær og matsopp i reservata.
- Det er lovleg å fiske i reservata. Merk at det i fleire av desse verneområda er restriksjonar på bruk av båt. Sjå det enkelte verneområdekapittel for meir informasjon.

#### **VI. Eventuelle unntak etter søknad**

Dette kapittelet inneheld reglar for bestemte aktivitetar eller tiltak i verneområdet etter søknad. Ved ønskje eller behov for å gjennomføre tiltak som er lista opp i dette kapittelet må Fylkesmannen få ein søknad som skildrar tiltaket og synleggjer alle faktorar som kan vere avgjerande i sakshandsaminga. Søknaden blir vurdert opp mot

verneføremålet og dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 blir lagt til grunn for sakshandsaminga. Det kan vere knytt vilkår til løyvet. Følgjande punkt fell inn under dei spesielle dispensasjonsreglane for alle dei fire verneområda:

- Felling av vilt som gjer vesentleg skade, jf. naturmangfaldlova § 18.
- Legge nye grøfter for å drenere tilgrensande areal
- Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket
- Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsam hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars
- Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, oppreinsking av elveinnløp, oppsett av gjerde med meir.
- Rydding av vegetasjon mm. i samsvar med godkjent forvaltingsplan, eller når verneføremålet krev det.

#### **VII. Skjøtsel og forvaltingsplan**

Dette kapitlet omtalar gjennomføring av skjøtselstiltak og forvaltingsplan. Kapitlet har blitt erstatta av § 47 i naturmangfaldlova om dispensasjon frå vernevedtak. Skjøtselstiltak kan gjerast i samsvar med føremålet med fredinga og det kan utarbeidast ein forvaltingsplan for området som inneheld retningslinjer for slikt skjøtselsarbeid. Vi ønskjer å gjere skjøtselstiltak i fleire reservat, for det meste rydding av småskog og uttak av framande artar. Der dette er aktuelt er det omtala i kapitla for det enkelte verneområde, men det kan òg dukke opp skjøtselsbehov som går utanom det vi har planlagt gjennom denne planen.

#### **VIII. Generelle dispensasjonsreglar**

Dette kapitlet har blitt erstatta av § 48 i naturmangfaldlova (sjå tekstboks neste side) om dispensasjon frå vernevedtak. Dispensasjonsparagrafen gjeld tilfelle som ikkje er dekt opp gjennom dei generelle og spesifikke unntaksreglane i verneforskrifta. Kravet for å få dispensasjon er at tiltaket ikkje er i strid mot verneføremålet og at det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Det kan òg gis dispensasjon dersom omsyn til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt.

#### **IX. Forvaltingsmynde**

Forvaltingsansvaret for dei fire reservata i denne planen er lagt til Fylkesmannen i Hordaland.

#### **X. Ikrafttredelse**

Det siste kapitlet seier lova tek til å gjelde.

#### **§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)**

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.*

## 5 Mannavatn naturreservat

Mannavatn naturreservat ligg i underkant av ein kilometer frå Sveio sentrum, tett att med fylkesveg 47. Sjølve vatnet er om lag 200 dekar stort, med to små holmar midt i. Rundt vatnet er det for det meste dyrka mark og lynghei og i nordaust er noko slikt areal tatt med i verneområdet. Føremålet med naturreservatet er å verne eit vatn med viktig trekk- og vinterfunksjon for dukkender.



Den sørre holmen i Mannavatn sett frå søraust i 1991. I dag er holmen heilt tilvokst med tre. (foto: Håvard Bjordal)

### 5.1 Naturverdiar

Mannavatnet er grunt og næringsfattig, med eit lite utvikla vegetasjonsbelte. På grunn av at vatnet er grunt er det gode tilhøve for insekt, og næringstilgangen for våtmarksfugl er difor god.

Av hekkande ender er storkand, krikkand, brunnakke og siland registrerte. Haust, vinter og vår er vatnet ein viktig plass for dukkender, og typiske artar å sjå her er toppand og kvinand.

Dei to holmane i vatnet var tidlegare hekkeplass for storlom, men dei er i dag attgrodde og storlom har difor truleg gått ut som hekkande art. Storlommen har hekka her sidan 1920, men siste bekrefta hekkefunn blei gjort rundt 1990. Det er eit mål å leggje til rette for at storlommen kan komme tilbake som hekkefugl i Mannavatn.

Av vadefuglar hekkar tjeld og vipe jamt, medan raudstilk, strandsnipe og storspove kan hekke her einskilde år. Tjeld og vipe er tilknytt dyrka mark rundt vatnet. Under trekket er sotsnipe, gluttsnipe, skogsnipe, småspove og kvartbekkasin observerte.

## 5.2 Brukarinteresser

### 5.2.1 Landbruksdrift

Det er opna for drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal og vedlikehald av gjerder i samsvar med bruken på vernetidspunktet (kap. V pkt. 2). Beiting er tillate som på vernetidspunktet (kap. V pkt. 6). Sjå kapittel 4 i planen og verneforskrifta for Mannavatn naturreservat for reglar som gjeld alle dei fire reservata i planen.

### 5.2.2 Bruk av båt

Det er tillate å fiske i vatnet, men det er ikkje lov å bruke båt heile året. Grunneigarar kan nytte fast båtplass (kap. V pkt. 8). I tida mellom 15. april og 30. juni er det forbode å bruke båt og alle andre farkostar på vatnet (kap. IV pkt. 5).

## 5.3 Inngrep

### 5.3.1 Kraftline

Det går ei kraftline over nordre del av Mannavatnet, om lag parallelt med fylkesvegen. Det er opna for vedlikehald av denne kraftlina, vegar og vassleidningar i tida mellom 1. juli og 14. april (Kap. V pkt. 4). Sjølv om det er opna for dette i forskrifta ønskjer Fylkesmannen å ha oversikt over dei tiltak som blir gjennomført i reservatet. Ved planlagt vedlikehald av kraftliner igjennom reservatet må Fylkesmannen få melding om dette minst ein måned i forkant av tiltaket.


### 5.3.2 Vasspest

Vasstilhøva i Mannavatnet gjer det sårbart for vasspestinvasjon. Her kan vasspest etablere seg, med store negative konsekvensar for vegetasjonen i vatnet. Sidan vasspest er etablert i Vigdarvatnet.

## 5.4 Tiltak

Ei utfordring i Mannavatnet naturreservat er attgroinga som skjer rundt reservatet og på dei to holmane. Det er komen mykje skog på odden i nordenden av vatnet. Det veks òg til i lyngheia aust i reservatet. Det kan bli aktuelt med tynning og rydding av slike areal for å hindre at skogen blir for tett rundt vatnet. Skjøtselstiltaka blir utført av Statens naturoppsyn ved behov og etter avtale med Fylkesmannen i Hordaland. Vi vil òg fjerne eventuelle innslag av framande treslag.

Tiltak	Utførast av	Kostnad	År
Skjøtsel av skog	SNO	-	planperioden
Fjerning av framande treslag	SNO	-	planperioden



**Figur 1:** Venstre: Mannavatn naturreservat i juni 2009. Kvitt omriss markerer vernegrensa. Høgre: Mannavatn september 1993. Den største skilnaden mellom dei to bileta er tydelige teikn til attgroing rundt reservatet og på holmane i vatnet. Dette er særleg tydelig på odden ved nordenden av vatnet og i lynchgia i søraust. Fylkesmannen ønskjer å fjerne nokre av trea som eit skjøtselstiltak for å gjere holmane og lynchgia meir attraktiv for våtmarksfugl.

## 6 Bjellandsvatnet naturreservat

Bjellandsvatnet naturreservat ligg rett nord for fylkesveg 47, om lag 2 km nordaust for Sveio sentrum. Rett nord ligg Hinderlivatnet som drenerer til Bjellandsvatnet. Vatnet renn vidare ned gjennom Bjellandselva til Vigdarvatnet, om lag ein kilometer lenger sør. Ein halv kilometer sørvest for Bjellandsvatnet ligg Mannavatnet naturreservat. Bjellandsvatnet er om lag 160 dekar stort og ligg 36 meter over havet.

Føremålet med reservatet er å verne eit særst produktivt våtmarksområde som har eit høgt tal observerte artar, og funksjon som trekk- og hekkeområde for ender og vadefugl. Bjellandsvatnet er blant dei rikaste våtmarksområda i Sveio kommune<sup>3</sup>.



Utsikt frå fugletårnet ved Bjellandsvatnet, 12. oktober 2012. Her får ein godt utsyn mot takrøyrområda aust i vatnet og fuglane som helt til der. (foto: A.B.H.)

### 6.1 Naturverdiar

Bjellandsvatnet er eit næringsrikt vatn, omkransa av jordbrukslandskap med dyrka mark og beite. Tilsig frå gjødsla mark rundt vatnet bidreg til å halde vatnet næringsrikt. Den søre delen av vatnet har eit velutvikla takrøyrbelte og stadvis små belte med flaskestorr og elvesnelle. Opne parti av vatnet har frodig undervass- og flytebladvegetasjon, særleg med tjønnaks. Vassflata er meir open i nord enn i sør, men òg i nord er det mykje vegetasjon.

---

<sup>3</sup> Moe, B, 2009. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sveio. – Sveio kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 5/2009: 1-81.

Myggblom (*Hammaryba paludosa*) er eit spesielt innslag i Bjellandsvatnet, ein orkidé som er sjeldsynt i Hordaland.

Bjellandsvatnet naturreservat har fleire viktige funksjonar for våtmarksfugl. Vatnet er eit hekke- og rasteområde for andefuglar som stokkand, krikkand, brunnakke og toppand. Songsvane rastar her i vinterhalvåret og sjeldne artar som horndykkar, dvergdykkar, snadderand og knekkand er òg observert. Horndykkaren har hekka i vatnet (1983) og grågås nyttar dyrkamarka som rasteområde under trekket.

Vadefugl som tjeld, vipe, raudstilk, enkeltbekkasin, strandsnipe og storspove hekkar i området rundt vatnet. Fiskemåse, sivsongar og sivsporv hekkar òg her. Bjellandsvatnet er mogleg hekkeområde for vassrikse og myrrikse, og for vassrikse ganske sikkert eit rasteområde vinterstid. Sivhøne og sothøne er òg registrert fleire gonger. Rike kulturlandskapsjøar som dette er viktige rasteområde for sporvefuglar på trekk og til dømes stare nyttar takrøyrbeltet her som overnattingsplass. Av stare er flokkar på over 2000 individ registrert. I artsdatabanken.no kan alle finne observasjonar og legge inn sine egne observasjonar i naturreservatet.

## 6.2 Brukarinteresser

### 6.2.1 Brønn

Sørvest i reservatet er det ein gamal brønn som grunneigar er uroleg for at kan vere farleg for besøkande i reservatet. Lokket er usikkert og brønnen er difor dekt til med ein flat stein, men det er ytra ønskje om å slå ned lokket og fylle brønnen med stein. Dette ønskjer Fylkesmannen å få gjort så snart som råd.

### 6.2.2 Landbruk

Det er aktivt landbruk og husdyrbeite rundt vatnet. Dette medfører ein del avrenning av næringsstoff til vatnet, samstundes som vegetasjon i vasskanten blir beita. Mykje av grunnen til at det er så mange artar knytt til Bjellandsvatnet er nettopp det næringsrike vatnet, men for mykje avrenning kan bidra til å akselerere attgroinga. Det er opna for landbruksdrift i verneforskrifta og dei reglane som gjeld alle reservata i planen er omtalt i kap. 4. I Bjellandsvatnet naturreservat er det i tillegg opna for beiting på eit nivå som på vernetidspunktet.

### 6.2.3 Fugletårn

Heilt sørvest ved Bjellandsvatnet er det bygd eit fugletårn som vart opna i mai 2001. Herfrå har ein godt utsyn over vatnet og fuglelivet. Sjølve fugletårnet er godt skjult i eit furuholt, men tilkomsten sørvest langs vatnet er eksponert. Stien frå vegen og inn til fugletårnet er merka med gjerdepålar med eit raudt band av maling. Fugletårnet manglar for tida informasjon om naturverdiane i området og dette ønskjer vi å produsere og sette opp.



#### 6.2.4 Fiske

Det er lov å fiske i vatnet (kap. V pkt. 10), og grunneigarane kan bruke sine faste båtplassar (kap. V pkt. 9).

### 6.3 Inngrep

#### 6.3.1 Demning

Vatnet er oppdemt om lag 0,5 meter med ein stem ved utlaupet i sør. Lågare vasstand vil kunne auke takta på attgroing, og dagens nivå er difor ønskjeleg sjølv om det har vore ytra ønskje om lågare vasstand frå jordbruket.

#### 6.3.2 Kraftliner

Det går kraftliner inn til ei mast heilt sør i reservatet. I 2011 vart det bygd ein ulovleg veg inn til kraftmasta i samband med arbeid på denne. Saka er avslutta, men vegen ligg der framleis. Det er ikkje planar om å sanere vegen, men den skal få gro til med vegetasjon.

Det er opna for vedlikehald av høgspenliner og transformatorstasjon i reservatet (kap. V pkt. 5), men etter erfaringane med den ulovlege vegen som vart bygd må slikt arbeid skje etter avtale med Fylkesmannen. Dette er naudsynt for at vi skal kunne gje ein uttale om naturverdiane og særlige omsyn i arbeidet. Varsel må sendast Fylkesmannen minst ein måned før planlagt vedlikehald.

#### 6.3.3 Framande artar

Det står planta gran ulike plassar i reservatet, men det er usikker kor mykje det er snakk om. Dette kan Statens naturoppsyn undersøke på oppdrag frå Fylkesmannen i Hordaland. Det er gjort eit unnatak frå vernereglane for uttak av eksisterande plantefelt av gran mellom 1. november og 15. mars (kap. V pkt. 4). Dersom det blir planlagt slike tiltak må Fylkesmannen bli varsla minst to månader før tiltaket skal finne sted. Dette fordi vi må ha tid til å gå gjennom planane og uttale oss om dei. Fjerning av framande treslag kan bli aktuelt som eit skjøtselstiltak og då bli planlagt og gjennomført i regi av Fylkesmannen og Statens naturoppsyn.

#### 6.3.4 Utgraving av massar

I Bjellandsvatnet veks store mengder takrøyr, ein indikator på høgt næringsinnhald i vatnet. Tilførsle av næringsstoff frå jordbruksområda kring vatnet skapar kunstig høge nivå, og aukar veksten av takrøyr og andre vassplantar. Takrøyrskogen er viktig for nokre fugleartar, men for tett takrøyrvegetasjon er lite eigna for ender og andre symjande vassfuglar. I 1995/1996 vart det grave ut ein kanal for som skulle opne opp dei tettaste partia aust i vatnet. Tiltaket var det første i sitt slag i Hordaland, og er i ettertid rekna som vellukka.

## 6.4 Tiltak

Tilførsle av næringsstoff til Bjellandsvatnet frå landbruket gir meir næring for fuglane, samstundes som det aukar takta på attgroing i Bjellandsvatnet. Per i dag veit vi for lite om tilstanden i Bjellandsvatnet til at vi vil foreslå tiltak. Vi veit at utgravinga av massar på nittitalet har bidrege til å bremse attgroinga, men ikkje så mykje meir. Det kan bli aktuelt å gjere undersøkingar av vasskvalitet og næringstilførsle i denne planperioden i samanheng med at vi skal få gjennomført tilsvarande undersøkingar i Færås og Skiftestad naturreservat. Basert på dette vil vi kunne seie meir om attgroingsproblematikken i Bjellandsvatnet.

Tiltak	Utførast av	Kostnad	År
<b>Registrere framande artar</b>	SNO	-	2014
<b>Sikre brønn</b>	SNO	-	2014
<b>Informasjon i fugletårnet</b>	Fylkesmannen/SNO	20 000	Planperioden
<b>Undersøke vasskvalitet og landbruksavrenning</b>	Ekstern konsulent	50 000	2015-2017
<b>Vurdere attgroing og ev. tiltak</b>	Ekstern konsulent		Planperioden



**Figur 2:** Venstre: Bjellandsvatnet i juni 2009. Kvit strek markerer vernegrensa, medan den raude prikken syner plasseringa av fugletårnet. Høgre: Bjellandsvatnet i september 1993. Området har ikkje endra seg mykje sidan den gong. Det er meir vegetasjon langs breidda av vatnet nord for fugletårnet i dag og det er noko meir vassvegetasjon nordaust og sør i vatnet. Der det i 1993 var tett takrøyurvegetasjon sør i vatnet er det i dag meir ope vatn. Vi kan framleis sjå att resultatet av utgravinga frå 1995/1996, eit tiltak som utan tvil var viktig for å bremse attgroinga i denne delen av vatnet. På odden der fugletårnet står er det furuskog med innslag av gran.

## 7 Færås naturreservat

Færås naturreservat ligg om lag tre kilometer nord for Sveio sentrum og omfattar to små vatn i eit småkupert myrlandskap. Reservatet er på om lag 186 dekar, der 137 dekar er landareal. Nord for reservatet er det dyrka mark, medan det er myr og lynghei rundt vatna. Føremålet med naturreservatet er å verne eit våtmarkskompleks som mellom anna har hekkefunksjon for kjerrsongarar.



Fårevatn i 1980 (foto: Mary H. Losvik)

### 7.1 Naturverdiar

Furevatnet i nord ligg noko lågare i terrenget enn Søravatnet og dei er koplå saman gjennom ein liten kanal. Furevatnet har velutvikla takrøyrbelte og flytebladsone, særleg med nøkkerose. Her finst òg parti med flaskestorr. Vatnet er nesten heilt attgrodd, ein prosess som truleg blir akselerert av næringstilførsle frå landbruket. Søravatnet er mindre næringsrikt og meir opphavleg, nesten utan vegetasjonsbelte i strandsona.

Ender som stokkand, krikkand, brunnakke og toppand hekkar i Færås, i tillegg til vadefuglar som enkeltbekkasin og raudstilk. Området er eit av dei viktigaste for kjerrsongarar i Sveio. Kjerrsongarar (*Acrocephalus*) er ei slekt med sporvefuglar som er knytt til fuktige habitat og vanlege artar i Noreg er sivsongar, myrsongar og røyrsongar. Sivsongar hekkar her årvisst<sup>4</sup> og røyrsongar er observert syngjande her fleire år.

---

<sup>4</sup> Fylkesmannen i Hordaland. 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke. Fylkesmannen i Hordaland, Bergen.



Sivsongar (*Acrocephalus schoenobaenus*) hekkar årvisst i takrøyrskogen i Færås. (Foto: Marek Szczepanek, CC BY-SA 3.0)

Av andre spurvefuglar er sivsporv ein vanleg hekkeart. Den vesle holmen midt i Søravatnet har tidlegare hatt ein større fiskemåsekoloni, men denne kan ha gått ut på grunn av attgroing.

## 7.2 Inngrep

Det går ei dreneringsgrøft gjennom myra nordvest i reservatet og denne er truleg laga med tanke på oppdyrking av arealet ved senking av Furevatnet. Det er ikkje klart for oss om vatnet har blitt seinka eller ikkje. Sveio kommune sit ikkje på informasjon om at vatnet har blitt senka, men i skjøtselsplanen for området frå 1992<sup>5</sup> er tilstanden i Furevatnet skildra som problematisk grunna dette inngrepet:

*I Furevatn nord er problema derimot store. Som ei følgje av senkinga er det no snart ikkje opne vassflater att i vatnet. Hausting av takrøyr kan hjelpa, men dette er i så fall tiltak som må gjentas ofte. Gjengroinga vil truleg auka med tida. Det bør vurderast å byggja ein eller fleire tersklar som kan heva vassnivået att for å «redda» vatnet på lang sikt. Elles vil ikkje vatnet kunne nyttast til ender og vadarar, då det ikkje finst opne vassflater. Ei heving på rundt 0,5 m vil vere nødvendig. Beiting rundt Furevatn nord øydelegg også store areal med potensiell våtmarksvegetasjon.*

---

<sup>5</sup> Odland, A. 1992. Skjøtsel av våtmarksreservat i Hordaland. NINA Oppdragsmelding 172:1-37.

Det har så vidt vi veit ikkje blitt gjort tiltak i området sidan dette grøfta vart lagd. Uavhengig av om vatnet er senka eller ikkje, er tilførsle av næringsstoff frå landbruksdrift til ein så liten resipient med på å akselerere attgroinga av vatnet.

### 7.3 Tiltak

Det er eit nasjonalt miljømål at naturlege våtmarker skal takast vare på eller bli restaurert innan 2020<sup>6</sup> og på bakgrunn av dette kan det bli aktuelt å gjennomføre tiltak i Færås. Med utgangspunkt i dei nasjonale miljømåla for våtmarker ønskjer vi i denne planperioden å finne ut kva vi må gjere for å sikre at lokaliteten bevarer sin verdi for kjerrsongarar og ender.

I skjøtelsesplanen for området frå 1992 vart det føreslått å byggje ein eller fleire tersklar for å heve vassnivået om lag 0,5 meter i Furevatnet. Dette vil kunne sikre opne vassflater i vatnet og bremse attgroinga. Vi må òg undersøke kor stor avrenninga frå landbruket er og eventuelt sette i verk tiltak for å avgrense tilførsle av næringsstaltar. Små resipientar med sakterennande vatn kan bli sterkt påverka, sjølv av små mengder næringsstoff. Det er vår oppfatning at dette er ein situasjon som vi ser att fleire stader på Sveio, mellom anna i Skiftestad naturreservat. Dette betyr at sjølv avrenning som er innanfor lovlege grenser kan bli ei utfordring slike plassar.


I denne planperioden ønskjer vi å gjennomføre følgjande utredningar og tiltak:

Tiltak	Utførast av	Kostnad	År
<b>Vasskvalitetsundersøking</b>	Ekstern konsulent på oppdrag frå FMHO	50 000*	2015-2017
<b>Undersøkje heving av vassnivået i Furevatnet</b>	Ekstern konsulent på oppdrag frå FMHO	50 000*	planperioden
<b>Oppdatere kunnskap om fuglar og planteliv i Færås naturreservat</b>	Ekstern konsulent på oppdrag frå FMHO	50 000**	2015

\* Tiltaka kan koordinerast med tilsvarande undersøkingar i Skiftestad naturreservat

\*\* Tiltaket kan kombinerast med tilsvarande i andre våtmarksreservat i Sveio

<sup>6</sup> Prop. 1 S (2013-2014) frå Miljøverndepartementet for budsjettåret 2014



**Figur 3:** Flyfoto av Færås naturreservat. Venstre: Færås i juni 2009, reservatgrensa er vist med lys på linje. Høgre: Færås i september 1993. Det er tydelig at Sørvatnet lengst sør i biletet er mykje mindre næringsrikt enn Furevatnet i nord. Vi kan sjå tydelige teikn på attgroing i bileta, spesielt heilt i nord. Her er det meir ope vatn på biletet frå 1993 enn på det frå 2009. Noko av skilnaden kan nok skyldas at det bileta er tatt på ulike tider av året. Påverknaden frå landbruket kjem tydelig fram frå biletea og kan sjåast på den svært grønne og frodige vegetasjonen i vatnet. Ei fagleg grundig tilstandsvurdering og vurdering av behov for tiltak vil bli gjennomført i denne planperioden.

## 8 Skiftestad naturreservat

Skiftestad naturreservat ligg ved vegen mellom Nordskog og Eltravåg, om lag tre kilometer nordvest for Sveio sentrum. Reservatet er 115 dekar stort og omfattar to små tjørn og ei myr som er delvis prega av attgroing. Myra ligg rundt 40 meter over havet, med eit bekkeløp i sørvest som renner ut i Holmavatnet. Kring myra er det knausar med lynghai og beitemark. Reservatgrensa på sørsida følgjer vegen mellom Nordskog og Eltravåg. Denne vegen ligg svært lågt i terrenget, nokre plassar berre ein halv meter over myra. Skiftestad naturreservat er ikkje ein del av Vigdarvassdraget.

### 8.1 Naturverdiar

Skiftestad har funksjon som hekkeområde for storkand, krikand og brunnakke. Av vadefugl hekkar raudstilk, enkeltbekkasin og vipe. Sporvefuglar knytt til våtmark er representert med mellom anna hekkande sivsporv. I verneplanen for våtmark i Hordaland står det at området har tidleg flokkfasefunksjon for brunnakke, og delvis krikand, samt av og til sein flokkfasefunksjon for storkandhannar<sup>7</sup>. Tidleg flokkfase er når fuglane samlar seg i flokkar etter vårtrekket, medan sein flokkfase er når fuglane samlast i flokkar under fjørfellinga. Artar som er funne i området er beskrive i Artskart.

### 8.2 Brukarinteresser

Tre eigedomar inngår i reservatet: Gnr. 56 bnr. 15, gnr. 56 bnr. 16 og gnr. 56 bnr. 84. Størsteparten av reservatet ligg innanfor bnr. 15 og grunneigaren her hadde fleire innspel til forvaltingsplanen:

#### 8.2.1 Skjøtsel

Grunneigar påpeiker at området er prega av attgroing og at det har endra seg mykje sidan det vart verna. Ho etterlyser skjøtsel i reservatet og peiker på manglande oppfølging frå forvaltingsstyresmakta etter vernetidspunktet. Etter synfaring i området i samband med forvaltingsplanen såg vi tydelig at vi har fleire utfordringar Skiftestad naturreservat og attgroing er ei av dei. Vi ønskjer å få gjennomført skjøtsel i Skiftestad naturreservat og dersom grunneigar ønskjer å utføre slikt arbeid på oppdrag frå Fylkesmannen er det ønskjeleg. I naturmangfaldlova si § 47 står følgjande å lese:

*I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. **Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.** Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.[...] (vår utheving)*

---

<sup>7</sup> Verneforskrift for Skiftestad naturreservat



På vernetidspunktet vaks det noko bjørk og vier på myra sør i reservatet. Det er ikkje gjennomført skjøtsel sidan dette, og spesielt sør i reservatet, nær vegen, er området prega av attgroing. Rydding av småskog er eit skjøtselstiltak som grunneigarane kan få tilbod om å utføre i samråd med Fylkesmannen dersom dette er ønskjeleg.

Det einaste skjøtselstiltaket som er gjennomført sidan området vart verna er fjerning av ein del sitkagran. Det står framleis spreitt med sitka i reservatet og det er ønskjeleg å få fjerna dette.

### 8.2.2 Sti for tilkomst med ATV

Grunneigar ønskjer å lage ein enkel sti for tilkomst til inste delen av eigedommen med ATV for å kunne drive skjøtsel. Tiltak som kan endre dei naturlige tilhøva er forbode i naturreservatet (kap IV punkt 3). Vi ser ikkje at det er mogleg å tillate dette utan å stri mot verneføremålet og vil difor ikkje opne for dette.

Når det gjeld bruk av motoriserte køyrety i skjøtelsarbeidet er reservatet lite og avstandane små, så vi ser ikkje på dette som naudsynt. Løysingar for uttransport ved store mengder vyrke kan ein vurdere i einskilde tilfelle.

### 8.2.3 Oppføring av fugletårn

Grunneigar ønskjer oppføring av eit fugletårn for å gjere området meir attraktivt og tilgjengeleg for ålmenta. Det er òg ønskje om at reservatet kan nyttast aktivt til undervisning og besøk frå skuleklassar. I dag finst det ikkje planar for oppføring av fugletårn i Skiftestad.

### 8.2.4 Beiting

Beiting er tillate i verneområde på same nivå som på vernetidspunktet. I 2010 fekk grunneigar på gnr. 56 bnr. 16 løyve til å sette opp eit gjerde i overgangen mellom fastmark og våtmark for å unngå at beitande husdyr gjekk seg fast i myra. Dette gjerdet var planlagt dels innanfor og dels utanfor reservatet, og det var knytt ein del vilkår til løyvet for å sikre at gjerdet ikkje var øydeleggande for fuglane.

## 8.3 Inngrep

### 8.3.1 Kraftliner

Det går ei kraftline over myra i sør. Det er opna for vedlikehald av eksisterande kraftliner i verneforskrifta kap. V pkt. 4. Sjølv om dette ikkje er søknadspliktig etter forskrifta ønskjer vi å vite kva for aktivitetar som går føre seg i reservatet og vi må ha høve til å uttale oss om slike planar før dei skjer. Difor må Fylkesmannen bli varsla minst ein månad før planlagt vedlikehald av kraftliner finner stad.

### 8.3.2 Vindkraftverk

Det er planar om å byggje eit vindkraftverk i området mellom Havåsen-Trehovdfjellet og Nordskogfjellet, nord for Skiftestad. Både Skiftestad naturreservat og Færås naturreservat vil ligge heilt i nærleiken til dette området. Når denne planen er godkjent er planane framleis på innleiande høyringsrundar før konsekvensutgreiing. Difor er ikkje planane godt skildra enno, men det er foreslått å ha 12-20 vindmøller med ein høgde på 60-80 meter og rotordiameter på 60-80 meter. Vi veit ikkje kva slags konsekvensar ei slik utbygging vil ha på fuglelivet i reservata. Det er stilt krav til utbyggar at dei må vurdere effektar av vindkraftanlegget på eksisterande verneområde i ein konsekvensutgreiing.

## 8.4 Tiltak

### 8.4.1 Oppdemming

Det er eit nasjonalt mål at mangfaldet av naturlege våtmarker skal takast vare på eller rettast opp att innanfor sine naturlege utbreiingsområder. Samanliknar vi flyfoto frå 1993 og 2010 er skilnaden på dei to bileta er tydelegast i Ardalstjørna nord i reservatet. Ardalstjørna er skildra som vegetasjonsrikt og eutroft (næringsrikt), dominert av elvesnelle og bekkeblom (Fylkesmannen i Hordaland, 1991). Attgroinga av Ardalstjørna blir forsterka av næringstilførsle frå landbruksdrifta ovanfor Skiftestad. Hovudproblemet er at den øvre delen av naturreservatet fungerer nærast som ein fangdam for partiklar og næringsstoff og ikkje nødvendigvis at næringstilførsle er så stor.

Sjølv om attgroing er ein heilt naturleg prosess er det naudsynt å gjere tiltak for å bevare området sin funksjon. Vi ønskjer å bremse attgroinga og auke den opne vassflata rundt Ardalstjørna gjennom to enkle grep. Det største og viktigaste tiltaket er at vi ønskjer å etablere ein terskel der bekken frå Ardalstjørna renner ut i myra. Eit slikt tiltak må bli utreda gjennom eit eige prosjekt og det er aktuelt å leige inn konsulentar til å bidra i planlegginga.

Dersom dette prosjektet blir gjennomført må vi gjere tiltak for å hindre tilførsle av næringsstoff frå landbruket. Dette vil bli utreda i det same prosjektet.

### 8.4.2 Skjøtsel

Rydding av småskog og uttak av framande treslag er allereie nemnt som aktuelle tiltak i skiftestad. Det er aktuelt for grunneigarane å utføre slikt arbeid og då gjerne i samarbeid med SNO.

Tiltak	Utførast av	Kostnad	År
<b>Rydding av småskog</b>	Grunneigar og SNO	20 000	2015
<b>Tiltak for å bremse attgroing i Ardalstjørna</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Demme opp Ardalsvatnet</li> <li>- Avtale med nabogrunneigar om avrenning</li> </ul>	Fylkesmannen/SNO	150 000	planperioden



**Figur 4:** Øvst: Skiftestad naturreservat i juni 2009. Kvitt omriss markerer vernegrensa. Nedst: Skiftestad naturreservat i 1993. Rundt Ardalstjørna og i myra sørafor er det lett å sjå gjødslingseffekten som kjem som følge av avrenning frå landbruket. Det er mest tydelig på biletet frå juni 2009 er myra i Skiftestad tydeleg grønarare enn myrområda rundt. Sjølv om tilførsle av næring gjer området attraktivt for fuglar kan det bli for mykje av det gode. Ardalstjørna ber preg av attgroing og det er her vi vurderer tiltak for å gjenskape eit større tjern med større open vassflate.

## 9 Forvaltingsmål

Forvaltingsmåla skal skildre kva for hovudmålsettingar forvaltingsstyresmakta har for eit verneområde. Føremålet med å lage ein felles forvaltingsplan for våtmarksreservata i denne planen er å sjå heilskapleg på forvaltinga av våtmarksområda for å optimalisere deira funksjon for våtmarksfugl.

### Forvaltingsmål

- Sikre våtmarksområde for fugl knytt til våtmark i Sveio, med dei naturlege våtmarksfunksjonane mest mogleg intakte
- Publikum skal få informasjon om områda og vite om verneverdiane og kva omsyn dei må ta i dei einiskilde verneområda

## 10 Bevaringsmål

### Framande artar

Framande artar er ein av dei største truslane mot biologisk mangfald på verdsbasis. I Sveio er det særleg sitkagran og vasspest som vert sett på som verstingane når det kjem til våtmarksområda. Sitka spreier seg i stor skala og veks godt sjølv i særskilte fuktige tilhøve og finst mellom anna i Skiftestad og Bjellandsvatnet. Vasspest er etablert i Vigdarvassdraget og er ein plante som det er vanskeleg å bli kvitt når han først er der. Andre framande artar som parkslirekne og kjempespringfrø er i spreining i Sveio og då særleg langs vegane. Desse to artane er godt tilpassa våtmarksområda og fortrengrer annan vegetasjon der dei veks. Det er viktig å oppdage etablering av slike artar på eit tidleg tidspunkt og gjere tiltak, slik at dei ikkje påverkar verneverdiane.

**Mål: Framande artar skal ikkje påverke verneverdiane i negativ retning.**

#### - Sitkagran

Skal fjernast frå alle reservat. Skjer som ein del av ordinært oppsynsarbeid og i samarbeid med grunneigarane.

#### - Vasspest

Forhindre spreining ved å informere på strategiske punkt. Kontrollere om det har vore spreining ved innfartsårer til vatna. Skjer som ein del av ordinært oppsynsarbeid.

#### - Andre artar

Overvake om t.d. parkslirekne har spreidd seg inn i verneområda. Skjer som ein del av ordinært oppsynsarbeid.

## Eutrofiering og attgroing

Vi veit ikkje nok om næringstilstanden i dei ulike vatna til å lage konkrete mål for tilstanden. Det er klart at det skjer avrenning av næringssaltar frå tilgrensande landbruksområde, men vi har ikkje målingar på vasskvaliteten i nokon av verneområda. Det kan vere aktuelt å finne ut meir om vasskvaliteten i dei naturreservata som er tydeleg trua av attgroing, som Skiftestad og Færås. Overvaking av attgroing i naturreservata vil bli gjort ved å samanlikne flyfoto frå no og vernetidspunktet som ein del av det ordinære forvaltingsarbeidet.

### Overordna mål:

- **Næringstilførselen skal ikkje gå ut over verneverdiane, og han skal vere på eit nivå som er gunstig for fuglelivet knytt til verneområdet.**
- **Attgroing skal ikkje påverke verneverdiane negativt.**
  - o Open vassflate skal vere som i dag eller på vernetidspunktet i alle verneområda.
  - o Areal med flytebladvegetasjon og sivvegetasjon skal vere optimalt for å sikre dei våtmarksfuglane som er knytte til områda.

## Drenering

**Mål: Drenering skal ikkje påverke vasshushaldet i naturreservatet i vesentleg grad.**

## 11 Oversikt over tiltak

Tiltak	Utførast av	Kostnad	År
<b>MANNAVATN</b>			
Skjøtsel av skog	SNO	-	planperioden
Fjerning av framande treslag	SNO	-	planperioden
<b>BJELLANDSVATNET</b>			
Registrere framande artar	SNO	-	2014
Sikre brønn	SNO	-	2014
Informasjon i fugletårnet	Fylkesmannen/ SNO	20 000	planperioden
Undersøke vasskvalitet og landbruksavrenning	Ekstern konsulent	50 000	2015-2017
Vurdere attgroing og evt. tiltak	Ekstern konsulent		planperioden
<b>FÆRÅS</b>			
Vasskvalitetsundersøking	Ekstern konsulent	50 000*	2015-2017
Undersøkje heving av vassnivået i Furevatnet	Ekstern konsulent	50 000	planperioden
Oppdatere kunnskap om fuglar og planteliv i Færås naturreservat	Ekstern konsulent	50 000	2015
<b>SKIFTESTAD</b>			
Rydding av småskog	Grunneigar og SNO	20 000	2015
Tiltak for å bremse attgroing i Ardalstjørna	Fylkesmannen/ SNO	150 000	planperioden

## 12 Kjelder

Storstein B. 1979. Våtmarker i Sveio, NOF-Hordaland. Naturbase EDNA - 95056

Håland A. 1985. Våtmarker i Sveio kommune. Forslag til vern av enkeltområder. Arnold. Notat. Naturbase EDNA- 95052

Pedersen W., S. 1981. Våtmark i Hordaland. Viktige område for vannfugl. Fylkesmannen i Hordaland. Naturbase EDNA 95102.

Fylkesmannen i Hordaland 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke.

Direktoratet for naturforvaltning. 2001. Håndbok 17-2001 Revidert 2010. Områdevern og forvaltning.

Helland-Hansen, W. (2004). *Naturhistorisk vegbok Hordaland*. Bergen: Bergen museum.

Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2007. Viltet i Sveio. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Sveio kommune og fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 3/2007: 51 s. + vedlegg.

Moe, B, 2009. Kartlegging og verdisetting av natur typar i Sveio. – Sveio kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 5/2009: 1-81.

### Aktuelle nettstader

<b>Miljøverndepartementet</b>	<a href="http://www.odin.dep.no/md">www.odin.dep.no/md</a>
<b>Miljødirektoratet</b>	<a href="http://www.miljodirektoratet.no">www.miljodirektoratet.no</a>
<b>Fylkesmannen i Hordaland</b>	<a href="http://www.fylkesmannen.no/nb/Hordaland/">http://www.fylkesmannen.no/nb/Hordaland/</a>
<b>Miljøstatus i Noreg</b>	<a href="http://www.miljostatus.no">www.miljostatus.no</a>
<b>Artsdatabanken</b>	<a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a>
<b>Artsobservasjoner</b>	<a href="http://www.artsobservasjoner.no">www.artsobservasjoner.no</a>
<b>Naturbasen</b>	<a href="http://www.naturbase.no">www.naturbase.no</a>
<b>Lovdata</b>	<a href="http://www.lovdata.no">www.lovdata.no</a>
<b>International Union for Conservation of Nature</b>	<a href="http://www.iucn.org">www.iucn.org</a>



## 13 Vedlegg

### Vedlegg 1. Liste over registrerte karplantar i Bjellandsvatnet

Botanikar Bjørn Moe var på synfaring i området saman med Håvard Bjordal den 31. august 2000. Desse karplantane blei registrerte i og ved kanten av Bjellandsvatnet.

Vitskapeleg namn	Norsk namn
<i>Lycopodiella inundata</i>	myrkråkefot (plantegeografisk interessant)
<i>Selaginella selaginoides</i>	dvergjamne
<i>Equisetum fluviatile</i>	elvesnelle
<i>Athyrium filix-femina</i>	skogburkne
<i>Dryopteris filix-mas</i>	ormetelg
<i>Pinus sylvestris</i>	furu
<i>Picea</i> spp.	gran
<i>Juniperus communis</i>	einer
<i>Sparganium angustifolium</i>	flotgras
<i>S. minimum</i>	småpiggnopp
<i>Lemna minor</i>	andmat
<i>Potamogeton natans</i>	tjønnaks
<i>P. polygonifolius</i>	kysttjønnaks
<i>Triglochin palustris</i>	myrsaulauk
<i>Phragmites communis</i>	takrøyr
<i>Alopecurus geniculatus</i>	knereverumpe
<i>Agrostis stolonifera</i>	krypkvein
<i>A. capillaris</i>	engkvein
<i>Calamagrostis purpurea</i>	skogrøyrkvein
<i>Holcus lanatus</i>	englodnegras
<i>Deschampsia flexuosa</i>	smyle
<i>D. cespitosa</i>	sølvbunke
<i>Danthonia decumbens</i>	knegras
<i>Molinia caerulea</i>	blåtopp
<i>Poa pratensis</i>	engrapp
<i>Glyceria fluitans</i>	mannasøtgras
<i>Nardus stricta</i>	finnskjegg
<i>Eriophorum angustifolium</i>	duskull
<i>Trichophorum germanicum</i>	storbjønnskjegg
<i>Eleocharis palustris</i>	sumpsivaks
<i>E. quinqueflora</i>	småsivaks
<i>Rhynchospora alba</i>	hvitmyrak
<i>Carex canescens</i>	gråstarr
<i>C. dioica</i>	tvebustarr
<i>C. echinata</i>	stjernestarr
<i>C. ovalis</i>	harestarr

<i>C. nigra</i>	slåttestarr
<i>C. oederi</i>	beitestarr
<i>C. panicea</i>	kornstarr
<i>C. pulicaris</i>	loppestarr
<i>C. rostrata</i>	flaskestarr
<i>C. demissa</i>	grønnstarr
<i>Juncus articulatus</i>	ryllsiv
<i>J. bufonius</i>	paddesiv
<i>J. bulbosus</i>	krypsiv
<i>J. conglomeratus</i>	knappsiv
<i>J. filiformis</i>	trådsiv
<i>J. squarrosus</i>	heisiv
<i>Narthecium ossifragum</i>	rome
<i>Hammarbya paludosa</i>	myggblom (plantegeografisk interessant)
<i>Salix aurita</i>	ørevier
<i>S. caprea</i>	selje
<i>S. repens</i>	krypvier
<i>Myrica gale</i>	pors
<i>Betula pubescens</i>	bjørk
<i>Rumex acetosa</i>	engsyre
<i>R. longifolius</i>	høymol
<i>Polygonum hydropiper</i>	vasspepper
<i>Montia fontana</i>	kildeurt
<i>Spergula arvensis</i>	linbendel
<i>Sagina procumbens</i>	tunbendel
<i>Stellaria alsine</i>	bekkestjerneblom
<i>S. graminea</i>	grasstjerneblom
<i>Nymphaea alba</i>	kvit nøkkerose
<i>Caltha palustris</i>	soleihov
<i>Ranunculus acris</i>	engsoleie
<i>R. flammula</i>	grøftesoleie
<i>R. repens</i>	krypsoleie
<i>Rorippa palustris</i>	brønnkarse
<i>Cardamine pratensis</i>	engkarse
<i>Ribes uva-crispa</i>	stikkelsbær
<i>Sorbus aucuparia</i>	rogn
<i>S. hybrida</i>	rognasal
<i>Potentilla palustris</i>	myrhatt
<i>P. erecta</i>	tepperot
<i>Filipendula ulmaria</i>	mjødurt
<i>Linum catharticum</i>	vill-lin
<i>Callitricha hamulata</i>	klovasshår
<i>C. stagnalis</i>	dikevasshår
<i>Drosera anglica</i>	smal soldogg

<i>D. rotundifolia</i>	rundsoldogg
<i>D. intermedia</i>	dikesoldogg
<i>Viola palustris</i>	myrfiol
<i>Epilobium palustre</i>	myrmjølke
<i>Myriophyllum alterniflorum</i>	tusenblad
<i>Hippuris vulgaris</i>	hesterumpe
<i>Erica tetralix</i>	klokkelyng
<i>Calluna vulgaris</i>	røsslyng
<i>Vaccinium myrtillus</i>	blåbær
<i>V. vitis-idaea</i>	tyttebær
<i>Menyanthes trifoliata</i>	bukkeblad
<i>Myosotis sp.</i>	minneblom
<i>Stachys palustris</i>	åkersvinerot
<i>Euphrasia sp.</i>	øyentrøst
<i>Rhinanthus minor</i>	småengkall
<i>Pedicularis palustris</i>	myrklegg
<i>P. sylvatica</i>	kystmyrklegg
<i>Utricularia intermedia</i>	gytjeblererot
<i>U. vulgaris</i>	blærerot
<i>Littorella uniflora</i>	botnegras
<i>Galium palustre</i>	myrmaure
<i>Succisa pratensis</i>	blåknapp
<i>Lobelia dortmanna</i>	botnegras
<i>Achillea ptarmica</i>	nyseryllik
<i>Tussilago farfara</i>	hestehov
<i>Cirsium palustre</i>	myrtistel
<i>C. vulgare</i>	vegtistel
<i>Centaurea nigra</i>	svartknoppurt



## Vedlegg 2. Verneforskrifter

### Forskrift om fredning av Mannavatn naturreservat

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, § 10, og §§ 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Solstad i Sveio kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet « Mannavatn naturreservat ».

#### II

Det freda området femnar om følgjande gnr./bnr.: 40/1, 40/2, 40/3, 40/19, 87/13,18,20, 91/18, 91/36, 92/4, 92/5, 92/1-8 (sameige).

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 267 dekar, der 77 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Sveio kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

#### III

Føremålet er å frede eit vatn med trekk- og hekkefunksjon for dykkender, og som i tillegg er ein klassisk storlomlokalitet.

#### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye plantearter må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamouflasjeinnretningar er forbode.
5. I tiden 15. april til 30. juni er all bruk av båt og anna farkoster på vatnet forbode.
6. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

#### V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.

2. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal, og vedlikehald av gjerde i samsvar med noverande bruk.
3. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehald av eksisterande kraftliner, vegar og vassleidningar i tida mellom 1. juli og 14. april.
5. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-4.
6. Beite som på vernetidspunktet.
7. Sanking av bær og matsopp.
8. Bruk av fast båtplass for grunneigarane.
9. Fiske.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsom hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, opprenskning av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.

## VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som skal innehalde retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitskaplege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.

## IX

Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

## Forskrift om fredning av Bjellandsvatnet naturreservat

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, § 10, § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, § 10, og § § 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Bjelland i Sveio kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet« Bjellandsvatnet naturreservat ».

### II

Det freda området femnar om følgjande gnr./bnr.: 92/3, 92/4, 92/6, 92/9, 92/16, 92/24, 92/27.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 160 dekar, der 48 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Sveio kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

### III

Føremålet er å freda eit produktivt våtmarksområde som trekk- og hekkeområde for ender og vadefugl.

### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye plantearter må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørtlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamuflasjeinnretningar er forbode.
5. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

### V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal og vedlikehald av gjerde i samsvar med noverande bruk.
3. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og

skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla.

4. Hogst og uttak av eksisterande granplanting i tida 1. november til 15. mars.
5. Vedlikehald av høgspenlinjer og transformatorstasjon.
6. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-5.
7. Beite som på fredningstidspunktet.
8. Sanking av bær og matsopp.
9. Bruk av fast båt plass for grunneigarane.
10. Fiske.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsom hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, opprenskning av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.

## VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som skal innehalde retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitskaplege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.

## IX

Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Databasen sist oppdatert 17. apr 2013



## Forskrift om fredning av Færås naturreservat

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, § 10, og § § 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Færås i Sveio kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet « Færås naturreservat ».

### II

Det verna området femnar om gnr./bnr. 93/4 Statens skoger. **FEIL GBR!! Det er DN som eiger i 93/9**

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 186 dekar, der 137 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Sveio kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta bør koordinatfestast.

### III

Føremålet er å frede eit våtmarkskompleks, som m.a. har hekkefunksjon for kjerrsongarar.

### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye plantearter må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder deira reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.

Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturgitte tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l.,

3. framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna i form for tørrelegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling eller bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamuflasjeinnretningar er forbode.
5. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

### V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.
2. Drift av eksisterande fulldyrka og overflatedyrka areal, og vedlikehald av gjerde i samsvar med noverande bruk.
3. Vedlikehald av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla.
4. Naudsynt motorisert ferdsel i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-3.
5. Sanking av bær og matsopp.
6. Fiske.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsom hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidninger for vatningsanlegg, opprenskning av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.

## VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som skal innehalde retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitskaplege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.

## IX

Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Databasen sist oppdatert 17. apr 2013

## Forskrift om fredning av Skiftestad naturreservat

Fastsett ved kgl.res. 15. desember 1995 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

### I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63, § 8, § 10, og §§ 21, 22 og 23, er eit våtmarksområde ved Skiftestad i Sveio kommune, Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl. res. av 15. desember 1995 under namnet « Skiftestad naturreservat ».

### II

Det freda området femnar om gnr./bnr.: 56/15.

Reservatet dekkjer eit areal på omlag 115 dekar, der 99 dekar er landareal.

Grensene for reservatet er vist på kart i målestokk 1:5000, datert Miljøverndepartementet november 1995. Kartet og fredningsforskrifta er arkiverte i Sveio kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka der dei går over land, og knekkpunkta skal koordinatfestast.

### III

Føremålet er å verne eit nokså upåverka område med hekkefunksjon for grasender, samt flokkfasefunksjon for brunnakke.

### IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. All vegetasjon i vatn og på land er freda mot alle former for skade og øydelegging. Nye plantearter må ikkje innførast.
2. Dyre- og fuglelivet, herunder reirplassar og hiområde er freda mot skade og øydelegging. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode. Hundar skal haldast i band. Utsettjing av vilt er forbode.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege tilhøva, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båtar, hensetting av campingvogner o.l., framføring av nye luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna i form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller anna tilførsle av konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Camping, teltslåing og oppsetting av kamuflasjeinnretningar er forbode.
5. Motorisert ferdsel på land og vatn og lågtflyging under 300 m er forbode. Forbodet gjeld også bruk av modellbåtar og modellfly. Brettsegling er forbode.

### V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, rednings-, politi-, brannvern-, oppsyn-, skjøtsel- og forvaltningsverksemd.

2. Drift av eksisterende fulldyrka og overflatedyrka areal, og vedlikehold av gjerde i samsvar med noverande bruk.
3. Vedlikehold av grøfteavlaup som er lagt ned tidlegare, og som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksarealer, etter at forvaltningsstyresmakta er varsla.
4. Vedlikehold av eksisterande kraftliner.
5. Naudsynt motorisert ferdseil i samband med aktivitetar nemnt i pkt. 1-4.
6. Beite som på vernetidspunktet.
7. Sanking av bær og matsopp.
8. Fiske.

## VI

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

1. Felling av vilt som er til vesentleg skade.
2. Legging av nye grøfter for drenering av tilgrensande areal.
3. Fjerning av vegetasjon som er vertsplanter for skadeorganismar i jordbruket.
4. Kontrollert uttynning/høgdereduksjon av kratt og varsom hogst av skog til eige bruk og som er til ulempe for jordbruket i tida 1. november til 1. mars.
5. Bygging av pumpehus, legging av leidningar for vatningsanlegg, opprensning av elveinnløp, setje opp gjerde m.m.
6. Rydding av vegetasjon m.m. i samsvar med godkjent forvaltningsplan, eller når føremålet med fredninga krev det.

## VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak i samsvar med føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast forvaltningsplan som skal innehalde retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

## VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå fredningsforskrifta når føremålet med fredninga tilseier det, for vitenskaplege granskingar og arbeid som er av vesentleg verdi for samfunnet, og i andre særskilde høve når det ikkje strir imot føremålet med fredninga.

## IX

Forvaltninga av fredningsforskrifta er lagt til fylkesmannen i Hordaland.

## X

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.



## **Fylkesmannen i Hordaland**

Besøksadresse:  
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:  
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-098-1  
ISSN: 0804-6387